



KRITERIER FOR KOMMUNALE VEGAR

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|--------|-----------------|------------|
| 17/15 | Levekårsutvalet | 25.03.2015 |
| 43/15 | Teknisk utval | 26.03.2015 |
| 32/15 | Formannskapet | 21.04.2015 |
| 22/15 | Kommunestyret | 05.05.2015 |

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret vedtar følgjande kriterier for kommunale vegar:

Reguleringsforhold:

Vegar som ligg utanom regulert område vert kommunal veg når kommunestyret har fatta vedtak om at vegen skal vera kommunal veg.

Veggrunn:

Veggrunn skal som hovudregel overskøytast til kommunen.

Standard på veg:

1. Veg skal opparbeidast til bruksklasse 10, dvs. med største tillatt akseltrykk på 10 tonn.
2. Veg skal dimensjonerast for vogntog i høve til kurvatur og snuplass.
3. Veg skal opparbeidast med minst 4 meter breidde.
4. Veg skal ha fast dekke.
5. Handtering av overvatn skal vera utført på ein fagmessig måte.
6. Vegar over 50 meter skal ha snuplass i ende.
7. Vegar skal vere opparbeidde i samsvar med retningslinjer for i Tysvær kommune vedtatt i kommunestyret 19.03.2013, sak 12/13.

Kriterier for at veg utanom regulert område kan bli klassifisert som kommunal veg:

1. Vegen fører til område med allmenn ferdsel. Dette kan vera kommunale kaiar, friluftstog og turområde og liknande. Vegar som fører til kommunale bygg og anlegg kan vera private vegar der kommunen er medeigar.
2. Det er meir enn 10 bustadhus knytte til vegen. Bustadhus på gard skal kunne reknast med i dette talet.
3. Vegen er meir enn 1500 meter lang.
4. Vegen er ikkje i hovudsak nytta til hytte- og fritidsbusetnad.
5. Vegen er ikkje i hovudsak nytta til framdrift av skogsvirke.
6. Vegen er ikkje i hovudsak tilkomstveg for privat næringsverksemd.
7. Vegen har standard etter reglar for kommunal veg for Tysvær kommune. 1)
8. Vegen er gjennomfartsveg/sambandsveg mellom grender eller deler av grender.

Kriterier for at veg kan bli omklassifisert frå kommunal veg til privat veg:

1. Vegen fører ikkje til område for allmenn ferdsel.
2. Det er mindre enn 10 bustadhus knytte til vegen. Bustadhus på gard skal kunne reknast med i dette talet.

3. Vegen er mindre enn 1500 meter lang.
 4. Vegen er i hovudsak nytta til hytte- og fritidsbusetnad.
 5. Vegen er i hovudsak nytta til framdrift av skogsvirke.
 6. Vegen er i hovudsak tilkomstveg for privat næringsverksemd.
 7. Vegen har ikkje standard etter reglar for kommunal veg for Tysvær kommune 1)
 8. Vintervedlikehald av kommunale vegar. Kommunestyret kan vedta at oppsitjarane til kommunal veg skal ha vintervedlikehaldet av vegen.
- 1) Jfr. også retningslinjer for vegar i Tysvær kommune vedtatt i kommunestyret 19.03.2013, som seier kva standard kommunale vegar i Tysvær skal ha.

Arvid S. Vallestad
rådmann

Bjørn Bruaset
teknisk sjef

BEHANDLING I LEVEKÅRSUTVALET - 25.03.2015

Levekårsutvalet sluttar seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

BEHANDLING I TEKNISK UTVAL - 26.03.2015

Teknisk utval sluttar seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

BEHANDLING I FORMANNSKAPET - 21.04.2015

Formannskapet tilrår samrøystes at kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til vedtak.

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 05.05.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

VEDTAK I KOMMUNESTYRET - 05.05.2015

Kommunestyret vedtar følgjande kriterier for kommunale vegar:

Reguleringsforhold:

Vegar som ligg utanom regulert område vert kommunal veg når kommunestyret har fatta vedtak om at vegen skal vera kommunal veg.

Veggrunn:

Veggrunn skal som hovudregel overskøytast til kommunen.

Standard på veg:

1. Veg skal opparbeidast til bruksklasse 10, dvs. med største tillatt akseltrykk på 10 tonn.
2. Veg skal dimensjonerast for vogntog i høve til kurvatur og snuplass.
3. Veg skal opparbeidast med minst 4 meter breidde.
4. Veg skal ha fast dekke.
5. Handtering av overvatn skal vera utført på ein fagmessig måte.
6. Vegar over 50 meter skal ha snuplass i ende.

7. Vegar skal vere opparbeidde i samsvar med retningslinjer for i Tysvær kommune vedtatt i kommunestyret 19.03.2013, sak 12/13.

Kriterier for at veg utanom regulert område kan bli klassifisert som kommunal veg:

1. Vegen fører til område med allmenn ferdsel. Dette kan vera kommunale kaiar, friluft- og turområde og liknande. Vegar som fører til kommunale bygg og anlegg kan vera private vegar der kommunen er medeigar.
2. Det er meir enn 10 bustadhus knytte til vegen. Bustadhus på gard skal kunne reknast med i dette talet.
3. Vegen er meir enn 1500 meter lang.
4. Vegen er ikkje i hovudsak nytta til hytte- og fritidsbusetnad.
5. Vegen er ikkje i hovudsak nytta til framdrift av skogsvirke.
6. Vegen er ikkje i hovudsak tilkomstveg for privat næringsverksemd.
7. Vegen har standard etter reglar for kommunal veg for Tysvær kommune. 1)
8. Vegen er gjennomfartsveg/sambandsveg mellom grender eller deler av grender.

Kriterier for at veg kan bli omklassifisert frå kommunal veg til privat veg:

1. Vegen fører ikkje til område for allmenn ferdsel.
 2. Det er mindre enn 10 bustadhus knytte til vegen. Bustadhus på gard skal kunne reknast med i dette talet.
 3. Vegen er mindre enn 1500 meter lang.
 4. Vegen er i hovudsak nytta til hytte- og fritidsbusetnad.
 5. Vegen er i hovudsak nytta til framdrift av skogsvirke.
 6. Vegen er i hovudsak tilkomstveg for privat næringsverksemd.
 7. Vegen har ikkje standard etter reglar for kommunal veg for Tysvær kommune 1)
 8. Vintervedlikehald av kommunale vegar. Kommunestyret kan vedta at oppsitjarane til kommunal veg skal ha vintervedlikehaldet av vegen.
- 1) Jfr. også retningslinjer for vegar i Tysvær kommune vedtatt i kommunestyret 19.03.2013, som seier kva standard kommunale vegar i Tysvær skal ha.

SAKSUTGREIING:

1. Bakgrunn

Denne saka er ein del av samla plan for forvaltning av kommunens eigedommar. Det er behov for å avklare kva som skal vera kriterier og retningslinjer for at ein veg i Tysvær skal vera kommunal. Ein kommunal veg er ein veg som kommunen eig og har drifts- og vedlikehaldsansvar for. For brukarar av kommunal veg er det sjølvstøtt eit gode at kommunen har ansvar for vegen. Alternativet er at vegen er privat og at private eigarar utfører drift og vedlikehald for eiga rekning. Kriterier og retningslinjer for kommunale vegar bør så langt som råd vera konkrete og objektive slik at dei blir oppfatta som rettferdige. Vegar som ikkje oppfyller fastsette kriterier og retningslinjer blir gjennom enkeltvedtak omklassifisert til privat veg av kommunestyret.

Det er anslagsvis 123.991 meter med kommunal veg i Tysvær kommune, i tillegg har ein sykkel og gangvegar, fortau og parkeringsplassar. Av kommunale vegar ligg om lag 57.325 meter utanfor regulert område. Kommunen har vedtatt mål for og gjennomført ei betydeleg innsparing i drifta, som vil halde fram i åra som kjem. Tiltak for å spare, eller kanskje rettare å avgrense veksten i utgifter innan kommunalteknisk sektor, er utfordrande i ein kommune med ein desentralisert struktur og relativ høg vekst i folketalet.

For å redusere utgiftene til drift og vedlikehald av vegar, ønskjer rådmannen å sjå på mulegheiter for å kunne omklassifisere enkelte vegstrekningar frå kommunal til privat veg. Det er då behov for kriterier og retningslinjer som utgangspunkt for å vurdere om ei vegstrekning bør vera kommunal veg eller privat veg. I dag er det og usikkerhet om enkelte vegar er kommunale eller private. Rogaland fylkeskommune har varsla at delar av fylkesvegar i Tysvær vil bli omklassifiserte til kommunal veg. Dette vil påføre Tysvær kommune ekstra kostnader med drift og vedlikehald av vegar. Rådmannen kjenner ikkje til konkret kva vegar eller veglengder som er aktuelle å omklassifisere til kommunal veg.

2. Rådmannen sine vurderingar og konklusjon

Rådmannen har sett på kva Vindafjord gjennomførte for ein del år sidan med omklassifisering av kommunale vegar, og erfaringar og vurderingar frå Vindafjord er tatt med i denne saka. I forslaget til kriterier for at veg kan bli omklassifisert frå kommunal veg til privat veg, har rådmannen forsøkt å legge til grunn ei rimelegheitsvurdering der meir ansvar blir lagt på private bustad- og hytteeigarar og næringsdrivande. Ut frå ei heilskapsvurdering, og med henvising også til sak om omklassifisering av kommunale vegar i Vindafjord, tilrår rådmannen at Tysvær kommune innfører følgjande kriterier og retningslinjer til kommunale vegar:

Reguleringsforhold:

Vegar som ligg utanom regulert område vert kommunal veg når kommunestyret har fatta vedtak om at vegen skal vera kommunal veg.

Veggrunn:

Veggrunn skal som hovudregel overskøytast til kommunen.

Standard på veg:

1. Veg skal opparbeidast til bruksklasse 10, dvs. med største tillatt akseltrykk på 10 tonn.
2. Veg skal dimensjonert for vogntog i høve til kurvatur og snuplass.
3. Veg skal opparbeidast med minst 4 meter breidde.
4. Veg skal ha fast dekke.
5. Handtering av overvatn skal vera utført på ein fagmessig måte.
6. Vegar over 50 meter skal ha snuplass i ende.
7. Vegar skal vera opparbeida i samsvar med retningslinjer for i Tysvær kommune vedtatt i kommunestyre 19.03.2013.

Kriterium for at veg utanom regulert område kan bli klassifisert som kommunal veg:

1. Vegen fører til område med allmenn ferdsel. Dette kan vera kommunale kaiar, friluft- og turområde og liknande. Vegar som fører til kommunale bygg og anlegg kan vera private vegar der kommunen er medeigar.
2. Det er meir enn 10 bustadhus knytte til vegen. Bustadhus på gard skal kunne reknast med i dette talet.
3. Vegen er meir enn 1500 meter lang.
4. Vegen er ikkje i hovudsak nytta til hytte- og fritidsbusetnad.
5. Vegen er ikkje i hovudsak nytta til framdrift av skogsvyrke.
6. Vegen er ikkje i hovudsak tilkomstveg for privat næringsverksemd.
7. Vegen har standard etter reglar for kommunal veg for Tysvær kommune.
8. Vegen er gjennomfartsveg/sambandsveg mellom grender eller deler av grender.

Kriterium for at veg kan bli omklassifisert frå kommunal veg til privat veg:

1. Vegen fører ikkje til område for allmenn ferdsel.
2. Det er mindre enn 10 bustadhus knytte til vegen. Bustadhus på gard skal kunne reknast med i dette talet.
3. Vegen er mindre enn 1500 meter lang.
4. Vegen er i hovudsak nytta til hytte- og fritidsbusetnad.
5. Vegen er i hovudsak nytta til framdrift av skogsvyrke.
6. Vegen er i hovudsak tilkomstveg for privat næringsverksemd.
7. Vegen har ikkje standard etter reglar for kommunal veg for Tysvær kommune**
8. Vintervedlikehald av kommunale vegar. Kommunestyret kan etter nærare vurdering vedta at oppsittjarane til kommunal veg skal ha vintervedlikehaldet av vegen.

** Rådmannen viser her til retningslinjer for vegar i Tysvær kommune vedtatt i kommunestyret 19.03.2013, som seier kva standard kommunale vegar i Tysvær skal ha.

Når retningslinjer og kriterier for kommunale vegar er fastsette, vil rådmannen fremje sak med forslag til vegstrekningar som bør omklassifiserast frå kommunal til privat veg.

Dersom det er behov for å bruke meir tid på politisk forankring og vurdering av innhaldet i saka, er rådmannen innstilt på at denne saka først kan danne utgangspunkt for drøfting i levekårutvalet og teknisk utval, før rådmannen fremjar endeleg sak til behandling i kommunestyret.

FØREBELS OVERSIKT OVER KOMMUNALE VEGAR UTANFOR REGULERTE OMRÅDE

| NAMN | LENGDE | DEKKE | NAVN | LENGE | DEKKE |
|---------------------------|--------|--------|----------------------|-------|--------|
| Romsalandsvegen | 1650 | Asfalt | Askelandsvegen | 2600 | Asfalt |
| Stramsvegen | 900 | Asfalt | Våg | 1000 | Asfalt |
| Hålandsvegen | 1400 | Asfalt | Sundfør G/S | 300 | Asfalt |
| Yrkje | 950 | Asfalt | Sundfør "kaien" | 100 | Asfalt |
| Stølsvikvegen | 3000 | Asfalt | Eikeskogsveien | 2100 | Asfalt |
| Espevik kai | 450 | Asfalt | Vatnem | 1350 | Asfalt |
| Espeviklia | 100 | Asfalt | Odland industri | 150 | Asfalt |
| Toftøysund | 2400 | Asfalt | Gismarvik (butikken) | 250 | Asfalt |
| Silgjerdalen | 1950 | Asfalt | Odland kai | 350 | Asfalt |
| Arm til Silgjerd | 550 | Asfalt | Slåttevik kai | 200 | Asfalt |
| Muslandsvåg (butikk) | 125 | Asfalt | Susort kai | 400 | Asfalt |
| Muslandsvåg (kai) | 325 | Asfalt | Sandvik | 1300 | Asfalt |
| Bjellandvegen | 900 | Asfalt | AGA | 100 | Asfalt |
| Alvstveit (hinderåvåg) | 2000 | Asfalt | Brattebø | 2500 | Asfalt |
| Støla | 225 | Asfalt | Haugsnæs | 800 | Asfalt |
| Baustad | 400 | Asfalt | Hersdal | 3950 | Asfalt |
| Aksland | 2500 | Asfalt | Bjørnsvik | 500 | Asfalt |
| Nedstrand Marina | 300 | Asfalt | Amdal | 1950 | Asfalt |
| Kleiberg | 400 | Asfalt | Langs Fuglavatnet | 2400 | Asfalt |
| Leirå | 500 | Asfalt | Havnavegen | 4000 | Asfalt |
| Dalbygda | 1150 | Asfalt | Myrvegen | 500 | Asfalt |
| Erland | 800 | Asfalt | | | |
| Hundsnes kai | 250 | Asfalt | | | |
| Skogøy | 900 | Asfalt | | | |
| Steinsvik | 350 | Asfalt | | | |
| Hervik | 1000 | Asfalt | | | |
| Lønningsvegen | 1100 | Asfalt | | | |
| Skoglandsvegen | 1450 | Grus | | | |
| Skoglandsvegen | 150 | Asfalt | | | |
| Sandbekken | 2050 | Grus | | | |
| Sandbekken | 300 | Asfalt | | | |

Vegen til Dalbygda, Yrkje, og vegen til Toftøysund er døme på vegar som fortatt bør være kommunale. Det vil og være vegar der berre delar av vegen bør bli privatisert.

VEDLEGG:

RETNINGSLINJER FOR VEGBYGGING - VEDTATT I KST 19.03.13